



Tor Gundersen kjem att som dametreinar. (Foto: Grenda)

**Uskedelingen Tor Gundersen (37) kjem att som trenar for Rosendal sitt damelag i 3. divisjon og den neste kampen vil bli spela mot Hald 16. august.**

**Til Grenda seier den avgåande trenar Leiv Kristian Skåla at han har stor tru på at det skal gå bra og legg til at det ikkje er så mykje som skal til.**

**Det er tre uskedelingar på laget: Ida Røssland, Anita Simensen og Gøril S- Eik.**

Ved halvspelt sesong ligg laget klart sist i avdelinga si etter at ni kampar har ført til åtte tap og ein siger. Men Grenda meiner at laget likevel ikkje har vore nokon kasteball, men at det har streva veldig med å skapa eit skikkeleg offensivt spel og scora på dei sjansane det har fått.

Leiv Kristian Skåla har hatt trenaransvaret i år. Gundersen var også trenar or laget i 2007. Han kjenner ikkje så godt dei nye spelarane, men meiner at dei er gode nok til å halda laget i 3. divisjon. Det er da også målsetjinga. Truleg er det tilstrekkeleg for Rosendal å leggja eitt av dei ti laga bak seg for å unngå nedrykk.

Jentene seier sjølve at dei er for dårleg trena og har sagt seg viljuge til å trena i sommarferien. Måndag kveld hadde Gundersen den fyrste treninga med dei. Han vil prøva å få til ein fast formasjon utan for mange spelarbyte frå kamp til kamp.

Gundersen gjev uttrykk for at han har sakna jentene, som er ein kjempegjeng, og at han verkeleg ser fram til å ta fatt att.

- Det verkar som jentene har både humør og rett innstilling, seier uskedelingen. Han har god tru på at dei skal få til noko i haust.

Av Ola Matti Mathisen